

Kyrkja har ansvar for barn sine rettår *

Kyrkjer verda over kjempår for barn sine rettår i kyrkje og samfunn. Kyrkjenes verdsråd har saman med barn frå heile verda formulert tre forpliktingar som alle kyrkjelydar blir utfordra til å stille seg bak:

* Barnekonvensjonen definerer barn som alle mellom 0 og 18 år.

Vern barn

Kyrkjelydar jobbar for at barn skal vere trygge og ha det bra, både i kyrkja og i samfunnet elles. Vi vil:

- ta ansvar for at barn veit kven dei kan kontakte når dei treng hjelp
- stoppe, førebyggje og hindre psykisk og fysisk vald mot barn, inkludert mobbing
- skjerme barn i særleg utsette situasjonar, lokalt og internasjonalt.



Lytt til barn

Kyrkjelydar involverer barn i avgjerder som vedkjem barn. Vi vil:

- auke kunnskapen om korleis barn kan medverke, og kva rettår dei har – blant barn, unge, tilsette og frivillige
- planleggje aktivitetar for barn saman med barn
- involvere barn i planlegging og gjennomføring av gudstenester
- engasjere oss for at barn skal få medverke, også i resten av samfunnet.



Ta vare på jorda

Kyrkjelydar engasjerer seg for skaparverket. Vi vil:

- involvere barn i arbeid med grøn kyrkjelyd og anna engasjement for klima og miljø
- fokusere på klimaendringar fordi framtida til barn er truga, og fordi barn er blant dei mest utsette når ekstremvêr råkar.



Finn tips og ressursar til vidare arbeid på ressursbanken.no



DEN NORSKE KYRKJA



Norges Kristne Råd